

Start med Eidfjord

Eidfjord er det perfekte utgangspunktet for turgleder på og rundt Hardangervidda

Få plassar finn du betre mulegheiter til aktivitetar og utfordringar i naturen enn på og rundt Hardangervidda. Her kan du legge vidda for dine føter og boltre deg så mykje du orkar. Lange turar langt inn i villmarka eller korte turar på nokre timar.

Hardangervidda er godt tilrettelagt med oppmerka stiar og overnattingsstader spreidd i passe avstand over heile vidda. Store delar av Eidfjord kommune ligg på Hardangervidda og store delar av Hardangervidda Nasjonalpark ligg i Eidfjord. Derfor er vi opptatt av å tilrettelegge for turglede og gode opplevingar på og rundt Hardangervidda. I denne folderen finn du eit oversiktskart og nokre turforslag. Mulegheitene er mange fleire.

Eidfjord er den naturlege staden å starte frå. Den nasjonale turistvegen RV 7 går over Hardangervidda og her ligg det fleire turisthytter som er gode utgangspunkt. Ønsker du å køyre eit stykke inn på vidda frå riksvegen kan du ta den 11 km lange bomvegen inn til Trondsbu/Tinnhølen ved Tråastølen nær Dyranut (1245 m.o.h.). Den tek deg heilt inn til nasjonalparken. Du kan også ta av i Øvre Eidfjord og ta den 10 km lange, smale vegen opp Hjølmadalen til 900 m.o.h. (ikkje eigna for køyretøy med lengde over 6 meter). Frå Halne kan du ta båt, Halnekongen, 13 km inn på vidda.

På Hardangervidda finn du ekte og flotte mulegheiter til å oppleve dyre-, fugle- og plantelivet på nært hald. Ver varsam og ta vare på vår sårbare, men berekraftige natur, til glede for nye generasjonar. Bruk naturen, bruk deg sjølv og opplev harmonien og samspilet. Det gir gode minner for livet og energi til morgondagen.

Ver velkommen til Eidfjord - det verkelege fjellfolket sitt rike.
"Ve me" på turgleder i Eidfjord!

DESTINASJON EIDFJORD AS



Foto: Asle Øydvin

Gode overnattings- og spisestader på og rundt Hardangervidda

Du finn ei rekke overnattingsmulegheiter og spisestader langs RV 7 og inne på vidda. Dei fleste er i privat eige, men det er også fleire hytter som tilhøyrr Den Norske Turistforening eller Bergen Turlag. Nokre er betjente i sesongen, mens andre er sjølvbetjenings-hytter. Sjå egne heimesider eller www.ut.no for nærare informasjon om opningstider m.m.

PÅ HARDANGERVIDDA

Garen Camping/Garen Kolonial (daglegvarer), 53 66 57 25 www.garencamping.no
Hadlaskard (sjølvbetjent) www.ut.no/hadlaskard

Fossli Hotel, 53 66 57 77 www.fossli-hotel.com
Liseth Pensjonat & Hyttetun (privat), 53 66 57 14 www.liseth.no
Kjeldebu (sjølvbetjent) www.ut.no/kjeldebu
Rembesdalseter (sjølvbetjent) www.ut.no/rembesdalseter
Demmevasshytta (ubetjent) www.ut.no/demmevasshytta
Finsehytta (betjent), 56 52 67 32 www.turistforeningen.no/finsehytta

Dyranut Fjellstova (privat), 53 66 57 16 www.dyranut.com
Dyranut Turisthytta (privat), 53 66 57 15 www.dyranut.no
Trondsbu Turisthytta (privat), 994 75 634 www.ut.no/trondsbu-turisthytta
Sandhaug Turisthytte (betjent), 917 66 225 www.ut.no/sandhaug
Stigstuv Turisthytta (privat), 905 10 292 www.hardangerviddanett.no/stigstuv
Rauhelleren Turisthytte (betjent), 415 50 404 www.rauhelleren.no
Halne Fjellstova (privat), 53 66 57 12 www.halne.no
Fagerheim Fjellstova (privat), 922 58 498 www.fagerheimfjellstugu.no
Heinseter (privat), 906 65 041 www.hardangerviddanett.no/hein

RUNDT HARDANGERVIDDA

Vøringfoss Kafeteria & Souvenir, 53 66 57 20 fossatromme@gmail.com
Hardangerviddahallen Restaurant, 53 67 40 00 www.hardangerviddanaturcenter.no
Sæbø Camping, 53 66 59 27 www.saeboecamping.com
Eidfjord Gjestgiveri, 53 66 53 46 www.ovre-eidfjord.com
Eidfjord Fjell & Fjord Hotel, 53 66 52 64 www.effh.no/www.hardangercatering.no

Fleire overnattings- og spisestader i Eidfjord finn du i folderen "Sommergleder" og på www.visiteidfjord.no.



DESTINASJON EIDFJORD/
EIDFJORD TURISTKONTOR

Besøksadresse:
Ostangvegen 1,5783 Eidfjord

Postadresse:
Postboks 74, 5786 Eidfjord

turistinfo@visiteidfjord.no

OPNINGSTIDER:

2.1.-30.4. og 1.9.-31.12:
Måndag-fredag: 09-16

1.5.-31.5.:
Måndag-fredag: 09-18

1.6.-14.6. og 16.8.-31.8.:
Måndag-fredag: 09-18 / Laurdag: 10-18

15.6.-15.8.:
Måndag-fredag: 09-19 / Laurdag: 10-18
Søndag 11-18

Brandling360.no / fotoport.no (foraldfoto: Erik Van de Peene)
Miljømerket Trykksak 241, 699



Tlf. 53 67 34 00 / faks: 53 67 34 01

www.visiteidfjord.no

Turgleder

med plass for alle... *Ve me!*



Destinasjon Eidfjord
året rundt

EIDFJORD / HARDANGERVIDDA OG OMGIVNAD



TURGLEDER PÅ NORD-EUROPAS STØRSTE HØGFJELLSPLATÅ

Aktivitetar og opplevingar på og rundt Hardangervidda

Fotturar med fjellfører

Spør turistkontoret etter fotturar med fjellfører og kløvhestar til Hårteigen og Kjeldedalen i sommar.

Hardangervidda Aktiv

tilbyr ekte fjellopplevingar som fotturar og fisketurar med guide, matkurs fisk & vilt, ridekurs med eigen islandshest m.m.

Tel. 92258498, www.hardangervidda-aktiv.no

Halnekongen

turistbåt som tek 32 passasjerar, 30 minuttar over den 13 km lange Halnefjorden frå Halne til Skaupa/Sleipa på grensa mot Hardangervidda Nasjonalpark. Muleg å sitje inne eller ute. Tel. 53665712, www.halne.no

Hardangervidda Natursenter Eidfjord

er autorisert Nasjonalparksenter for Hardangervidda og eit moderne opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø. 20 minutt du aldri vil gløyme - moderne kinosal bygd i samarbeid med Ivo Caprino viser ein 225 graders panoramafilm om Hardangervidda, Hardangerfjorden og det vakre «fosslandet» vestafjells. Senteret ligg ved RV 7 i Øvre Eidfjord, 7 km frå Eidfjord sentrum.

Tel. 53674000, www.hardangerviddanatursenter.no

Fotturar på eiga hand

I Eidfjord har vi 3 dalar som fører frå fjord til fjell: Simadal, Hjølmadalen og Måbødalen. Forfedrane våre la stein på stein for å

kome seg opp gjennom dalane for å nytte ressursane som var i fjellet. Restar av dyregraver og gamle steinbuer er tydelege spor etter våre forfedres bruk av vidda. Dei gamle ferdselsvegane er fortsatt godt bevart, og det er med stor respekt for våre forfedre at vi i dag kan nytte desse vegane. Det finst eit mangfald av turmulegheiter på og rundt Hardangervidda. Frå familievennlege små turar og vandring frå hytte til hytte i flatt terreng til meir krevande topturar. Bruk gjerne denne turfolderen til å planlegge ein litt lengre tur. Du er garantert naturopplevingar som gir ro i sjela. Kjøp eit meir detaljert kart og les om Hardangervidda før du legg ut på turen. Det vil heve turgleden og opplevinga.

Sykkelturar tett på naturen

Sykling på Hardangervidda er blitt svært populært og tek deg ekstra tett inn på naturen. Tinnhøvegen inn til Trondsbu/Tinnhølen og vegen vidare til "Byen" er totalt 15 km lang og tek deg langt inn i nasjonalparken. Isdalsvegen er eit anna populært alternativ. Ønsker du stigningar er gamlevegen opp Måbødalen (5 km) eller vegen opp Hjølmadalen (10 km) gode utfordringar. Terrensyklar blir nytta av stadig fleire, men hugs å ikkje setje spor etter deg i naturen. **Spør turistkontoret om standard og status på desse vegane før du startar turen!**

Dyre- og planteliv

Hardangervidda byr på store variasjonar, fine fiskevatn og elvar og eit rikt plante- og dyreliv. Den sørlegaste og største villreinstamma i Europa held til på Hardangervidda, som også er den sørlegaste utposten for fjellrev og fleire arktiske dyre- og planteartar. Om hausten gulnar moltene på myrane. Blåbær, tyttebær og krekling er bær du finn mykje av. På statsallmenningen kan alle hauste fritt av denne rikdommen. Herlege bær du kan bruke til desserter, saft

Allemannsretten gir deg rett til å ferdast og opphalde deg i norsk natur. Den gjeld når du er i skogen, på fjellet, sjøen, elva og vatna – uavhengig av kven som er grunneigar. Du kan også hauste av naturen: Plukke bær, sopp og blomster, eller fiske saltvannsfisk. Ferdsla og opphaldet må skje innanfor rimelege grenser, og på ein slik måte at du ikkje er til ulempe for grunneigaren og andre som er på tur. Du skal alltid ta deg fram med varsemnd og ta vare på naturen der du ferdast.

og syltetøy eller din eigen "likør". Hugs å ikkje plukke meir enn du har bruk for. Floraen på vidda er stor og vakker. På dei utrulegaste stader dukkar fargerike planter fram så snart snøen har trekt seg tilbake om våren.

Fugleliv

Eit rikt fugleliv pregar Hardangervidda. Rype er ein av fjellfuglane du kan treffe på heile året, også i den kaldaste årstida. I Bjoreidalen naturreservat hekkar mange sjeldne fugleartar, eit "must" for fugleelskarar. Trø varsamt når du ferdast i naturen. Tusensvis av liv er avhengig av at vi tek ansvar under fjellturen. Spesielt i hekketida (juni – juli) må vi vere ekstra varsame og aldri røre eit reir eller uroe fugleungane.

Villmark

Djupe fjordar, stupbratte fjell, vide vidder og ein mektig isbre gjer Eidfjord til eit eldorado for naturopplevingar og friluftsliv. Hardangervidda er heilt unik - her kan du gå i dagevis utan å treffe folk, berre du og det opne landskapet. Her får du frisk luft, reint vatn, god plass og ro!

Fiske og jakt

Hardangervidda byr på gode jakt- og fiskemulegheiter med plass for alle. Berre i Eidfjord er det over 400 fiskevatn med fjellaure. Elvane Bjoreio og Veig er også populære fiskeelvar med godt aurefiske. Mange av fiskeklassane er lett tilgjengelege, mens andre må du gå eit stykke til for finne din "hemmelege" fiskeplass. Fiskekort kjøper du på turistkontoret, på turisthyttene eller på www.inatur.no. Nokre av turisthyttene på fjellet formidlar jakt- og fiskekort for dei private grunneigarane.



Foto: Asle Øydvin



Foto: Asle Øydvin



Foto: Asle Øydvin



Foto: Marit Stadheim


PLANLEGG TUREN

Det er viktig å tenke på kva du tek med i sekken. Været kan skifte raskt og du kan oppleve alle årstidene i løpet av nokre timar.

Meld gjerne frå til andre kvar du planlegg å gå, og tenk på at mobiltelefonar ikkje virkar overalt i fjellet. Gangtid i timar i denne folderen og på turkart er kun ei orientering. Går du på tur med born, så anbefalar vi å berekne meir tid. Hugs at sesongen ikkje startar før juli månad, først då er turisthyttene inne på fjellet opne, bruene og stiane klare, og vegane til Tinnhølen og Hjølmaberget køyrbare.



Foto: Erik Van de Perre



På www.turistforeningen.no og www.ut.no finn du mange nyttige tips med hytte- og turbeskrivelsar. På sjølvbetjente hytter må du ha med DNT-nøkkel, og betale for opphald og mat ved å fylle ut betalingsfullmakt eller legge kontantar i ein konvolutt. DNT-medlemskap og nøkkel kan kjøpast på turistkontoret.



Ver forsiktig med open eld

Hugs at det er forbud mot bålbrekking i utmark i tidsrommet 15. april – 15. september. Lagar du eit bål for mat- og kaffekoking må du sikre med stein rundt bålet og ha bålet på fuktig sand/grus. Ikkje plasser bål på flatt berg, då varmen kan få berget til å sprekkje. Hugs å slukke bålet før du går vidare.

Hund med på tur

Ta gjerne med deg din firbente venn ut på tur, men hugs den ordinære bandtvangen frå 1. april tom. 20. august, og bandtvang der bufe går på utmarksbeite frå 1. april til 1. desember. Der bufe går på innmarksbeite er det bandtvang heile året. Vern om viltet og bufeet. Respekter at nokre menneske er redd for eller har allergi mot hundar. Dei fleste av DNT sine hytter har tilrettelagt for hund i sikringsbuene.



VØRINGSFOSSEN



Foto: Erik van de Perre



Foto: Asle Øydvin



Foto: Marit Stadheim



Foto: Asle Øydvin



Foto: Asle Øydvin

TURAR VI ANBEFALAR PÅ OG RUNDT HARDANGERVIDDA

STOREGJEL - VØRINGSFOSSEN - STOREGJEL (1,5t t/r)

Dette er ein flott tur der du kan oppleve å sjå fossen frå botnen. Parker bilen ved Storegjel, i parkeringslomma mellom 2. og 3. tunnel i Måbødalen (øvre utgang av Måbøtunnelen). Følg gangveg ned på gamlevegen, og følg denne nedover ca 300 meter. Ved svingen står eit skilt til "Vøringfosse", der stien ned til elva begynner. Følg stien innover og over ei hengebru der du ser fossen. Gå berre ein og ein person over hengebrua. Ver merksam på at det er glatt og ulendt terreng ved fossen på grunn av vannsprut. Stien innover går delvis over ustabil ur, slik at ein må vere forsiktig. Turen er eigna heile sommaren frå ca 15. mai til oktober (bør vere snøfritt).

MÅBØ MUSEUM - MÅBØBERGET - VØRINGSFOSSEN - MÅBØ MUSEUM (3-4t t/r)

Dette er ein av dei gamle ferdselsvegane frå Eidfjord og opp på Hardangervidda. Turen startar ved Måbø Museum, der du parkerer bilen. Du går forbi museet og vidare innover dalen, og kryssar elva på ei bru. Her begynner stigninga oppover det bratte berget i sikk sakk, med ca. 1300 godt bevarte trappetrinn. Oppe på berget følger du stien vidare og kjem ned til Vøringfoss Kafeteria. Herifrå kan du gå gamlevegen tilbake til Måbø Museum (ca 5 km). Spør turistkontoret om standard og status på gamlevegen før du startar turen! Denne turen eignar seg frå slutten av juni og utover hausten. Det anbefalast å ta med drikke opp Måbøberget.

HJØLMABERGET - VIVELID/VALURFOSSEN - HJØLMABERGET (3t t/r)

Dette er ein flott tur inn mot den populære Veigdalen. Du tek av mot Hjølmø i Øvre Eidfjord, og følger denne vegen (ikkje eigna for køyretøy med lengde over 6 meter) ca 10 km i den dramatiske naturen, som gjer køyreturen opp til ei oppleving i seg sjølv. På vegen opp ser du Vedalsfossen på høgre side. Parker på den øvste parkeringsplassen på Hjølmaberget (ved Bærdø) og følg merka sti til Vivelid ca 1,5 timar. Du kan gå same vegen tilbake til parkeringsplassen, eller gå frå Vivelid tilbake via Valurfossen som styrtar seg 272 meter ned mot Hjølmadal (delvis umerka sti), då brukar du litt lengre tid.

HJØLMABERGET - VIVELID - FLJODAL - SÅTEFJELL - HJØLMABERGET (4t rundtur)

Følg første del av turen til Vivelid ca 1,5 timar (sjå turbeskrivelse Hjølmaberget - Vivelid - Hjølmaberget). Gå vidare 0,5 time til stidelet mot Hedlo. Herifrå bratt opp til Skrubhamrane og over bekken på sommarbru og forbi stidelet til Liseth. Videre over Storasaåta (Såtefjell) med praktfull utsikt over fjell, fjord og bre, og ned til stidelet frå Vivelid. Forbi nytt stidele frå Liseth og vidare gjennom skog tilbake til parkeringsplassen, ca 2 timar.

KOMBINERT FOTTUR OG MINIBUSS: DYRANUT - BJOREIDALEN - TRONDSBU - TINNHØLVEGEN - DYRANUT (3-4t rundtur)

Dette er ein flott familietur i lett terreng, spesielt for dei som er interessert i å sjå på fuglar, eller å fiske. Gjennom fuglereservatet må du halde deg til merka sti. Det er ulovleg å gå utanom stien. Bjoreio er veieigna til stangfiske, men hugs fiskekort! Du parkerer bilen ved Dyranut, på toppen av "Norges tak" Hardangervidda. Følg merka sti ned til vestenden av Vette Skiftessjøen og så ned i Bjoreidalen til heilårsbrua ved Nybu, ca 1 time. Herifrå langs Stora Nordmannslepa på nordsida av Svinto opp til vegen og den nedlagde hytta Bjoreidalshytta, ca 0,5 time. Herifrå kan du gå langs stien og Tinnhøvegen ca 2 timar til Trondbu Turisthytta som serverer mat, sjekk opningstidene. Ta Viddabussen (minibuss) frå Trondbu/Tinnhøvegen tilbake til Dyranut.

TINNHØLEN - STIGSTUV - BJOREIDALSHYTTA - TINNHØLEN (5-6t rundtur)

Dette er ein flott tur i lett terreng. Kjør Tinnhøvegen og parker på parkeringsplassen ved Tinnhølen eller ta Viddabussen. Følg merka sti til Stigstuv ca 1,5 timar. Følg stien vidare til Bjoreidalshytta (stengt) ca 2,5 timar, og deretter stien og Tinnhøvegen tilbake til Trondbu/Tinnhølen ca 2 timar. Både Trondbu Turisthytta og Stigstuv Turisthytta serverer mat, sjekk opningstidene. Dersom denne turen blir for lang, kan du gå frå Stigstuv tilbake til parkeringsplassen, du får då ein 3 timars tur totalt.

KOMBINERT SYKKELTUR OG FOTTUR: DYRANUT - TRONDSBU - STIGSTUV - TRONDSBU - DYRANUT (7-10t t/r)

Dette er ein flott heildagstur, dersom du har med deg sykkel. Du parkerer bilen ved Dyranut, på toppen av "Norges tak" Hardangervidda, sykklar ca 1 km på RV 7, og tek av på Tinnhøvegen ved Tråastølen, sykklar 11 km til Trondbu/Tinnhølen, deretter 4-5 km til "Byen". Herifrå må ein gå inn til Stigstuv, ca 1 time. Både Trondbu Turisthytta og Stigstuv Turisthytta serverer mat, sjekk opningstidene. Retur same veg. Alternativt kan ein sykle frå Tråastølen til Bjoreidalshytta (stengt) ca 5 km, gå derifrå tur/retur til Stigstuv, ca 2,5 timar kvar veg, og så sykle tilbake til Tråastølen.

TUR TIL SANDHAUG/BESSO MED FISKE I NORMANNSLÅGEN (2-3 dg.)

Nyt Hardangervidda på sitt beste! Kjør Tinnhøvegen og parker på parkeringsplassen ved Tinnhølen eller ta Viddabussen. Gå merka løype frå Tinnhølen til Sandhaug ca 4 timar, eller Besso ca 5,5 timar. Vi anbefalar å nyte ferdige måltid og overnatte på Sandhaug Turisthytte og bruke ein heil dag på å fiske i Normannslågen. Fiskekort for statsallmenningen kan du også kjøpe på turistkontoret. Retur tilbake til Trondbu/Tinnhølen.

KOMBINERT BÅTTUR OG FOTTUR: HALNE - SLEIPA - HEINSETER (2,5t ein veg + båttur)

Ta båten "Halnekongen" frå Halne til Sleipa (sjekk båtruter på www.halne.no). Frå brygga ved Sleipa går stien opp over Selstjønnutan med flott utsikt og ned til Heinseter Turisthytte, ca 2,5 timar. På Heinseter kan du nyte eit godt måltid, overnatte og så gå tilbake same veg neste dag med båt tilbake til Halne. Eller du kan fortsette turen frå Heinseter til Rauhelleren ca 4 timar om du vil, eller til Fagerheim Fjellstugu ca 4 timar, og ta bussen tilbake til Halne Fjellstova som også serverer mat.

HALNE - KRÆKKJA - FAGERHEIM (3t ein veg)

Parker ved Halne, følg eit trangt gjel og inn på merka sti frå Stigstuv og Dyranut. Følg stien vidare forbi stidelet mot Kjeldebu, vidare til stidelet mot Finse, så er det berre eit kort stykke til Krækkja. Frå Krækkja går turen vidare ca 1,5 timar til Fagerheim. På Fagerheim Fjellstugu kan du nyte eit godt måltid før du tek bussen tilbake til Halne.

KOMBINERT BÅTTUR OG FOTTUR: HALNE - SKAUPA - RAUHELLEREN (4t ein veg + båttur)

Parker ved Halne Fjellstova. Ta båten "Halnekongen" frå Halne til Skaupa (sjekk båtruter på www.halne.no). Frå Skaupa er det ca 4 timar til Rauhelleren Turisthytte, i bølglende terreng over Selstjønnalen og Skyttarbudalen, før Store Nordmannslepa kryssast like vest for Tomdøbrøtet. Forbi stidelet til Stigstuv og under Rauhellerskorane med fint ekko og mulegheit for å sjå fjellvåk. Vid utsikt vestover over Langesjøen med Hårteigen i bakgrunnen. På Rauhelleren Turisthytte kan du nyte eit godt måltid og overnatte, før turen går tilbake eller vidare neste dag.

KOMBINERT BÅTTUR OG FOTTUR: HALNE - SKAUPA - RAUHELLEREN - STIGSTUV - HALNE (3 dg. rundtur)

Første dagsetappe går frå Halne til Rauhelleren, ca 4 timar + båttur (sjå turbeskrivelse Halne - Skaupa - Rauhelleren). Neste dag går turen frå Rauhelleren til Stigstuv, ca 4 timar. Siste etappe er frå Stigstuv til Halne, ca 4 timar. Dette er ein flott familietur, der dagsetappene ikkje er for lange. Nyt denne turen med nydelege, ferdige måltid og gode senger på turisthyttene.

DYRANUT - KJELDEBU - LISETH (2 dg. ein veg)

Parker på Dyranut, på toppen av "Norges tak" Hardangervidda. Følg merka løype inn til Kjeldebu (sjølvbetjent), ca. 3 timar. Neste dag går turen vidare til Liseth, ca. 6 timar. Du rekk kanskje ein middag på Liseth Pensjonat før du tek buss tilbake til bilen på Dyranut. Rekk du det ikkje på Liseth, kan du nyte ein velfortent middag på Dyranut.

KJELDEBU - FINSE (9t ein veg)

Du kan fortsette turen frå Kjeldebu (sjå turbeskrivelse Dyranut - Kjeldebu - Liseth) til Finse på austsida av Hardangerjøkulen. Dette er ein lang og heller krevande tur, og vi anbefalar å planlegge turen godt. Les rutebeskrivelsen på www.ut.no og bruk gode kart. Vi anbefalar middag og overnatting på Finsehytta før du tek toget frå Finse til Haugastøl/Geilo og buss tilbake Liseth/Fosslil.

LISETH/FOSSLI - REMBESDALSETER - FINSE (2 dg. ein veg)

Vi anbefalar å planlegge turen godt. Les rutebeskrivelsen på www.ut.no og bruk gode kart. Parker på Liseth eller Fosslil. Første dag av turen, frå Liseth/Fosslil til Rembesdalseter tek ca 8 timar og er mindre krevande enn dag 2, som krev god erfaring i fjellet. Du får oppleve eit imponerende utsyn over Simadal og fjorden på vegen. Rembesdalseter (sjølvbetjent) stod ferdig i 1964 og ligg på ein gamal setervoll ved Rembesdalsvatnet. Med Hardangerjøkulen rett utanfor stovevindaug er dette eit fristande turmål for mange, og spesielt dei brekyndige. Terrenget i området er krevande, også når det er vått på grunn av parti med glatte svaberg. Fortsett turen dagen etter, frå Rembesdalseter til Finse 8 timar. OBS! Følg T-merkinga! I det høgaste partiet er det langt mellom vardane nokre stader pga. snøfonner og utlegging av sommarbruer kan ofte bli forsinka pga. snø. Vi anbefalar middag og overnatting på Finsehytta før du tek toget frå Finse til Haugastøl/Geilo og buss tilbake Liseth/Fosslil.

Generell informasjon til turane på Hardangervidda:

Tog over Hardangervidda Bergen - Voss - Finse - Geilo - Oslo.

Sjekk togrutene på www.nsb.no før turen.

Skyss busstlinje 991 Odda - Geilo - Odda går over Hardangervidda om sommaren.

Sjekk busrutene på www.skyss.no før turen.

Viddabussen er ein minibuss som kører Dyranut - Trondbu/Tinnhøvegen - Dyranut om sommaren og korresponderer med Skyss busstrute 991 Odda-Geilo-Odda (www.skyss.no). Spør etter rutetider for Viddabussen på turistkontoret.

Tinnhøvegen er ein kommunal bomveg, du tek av RV 7 ca 1 km frå Dyranut og betalar bompengar ved Tråastølen. Så kan du køyre den 11 km lange grusvegen til Trondbu/Tinnhøvegen (parkeringsplass). Bomvegen er gratis for sykklar.